

Vindafjord kommune

KULTUR

Tilskot, prisar og stipend

Formål og retningslinjer

Revidert DUK 27.11.17 sak 62/17 og og OPOM 29.01.18 sak 007/18

Innhald

| | |
|--|---|
| 1 Tilskot | 3 |
| 1.1 Kven kan søkje? | 3 |
| 1.2 Generelle reglar | 3 |
| 1.2.1 Unnateke frå stønad er: | 3 |
| 1.3 Kva kan ein søkje tilskot til? | 3 |
| 1.3.1 Driftstilskot | 4 |
| 1.3.2 Driftstilskot til idrettslag og skyttarlag | 4 |
| 1.3.3 Leiartrening/kurs | 4 |
| 1.3.4 Investering | 4 |
| 1.3.5 Oppstartingstilskot | 4 |
| 1.3.6 Underskotsgaranti | 5 |
| 1.3.7 Nyskaping, særskilte kulturiltak og prosjekt | 5 |
| 1.3.8 Festivalar | 5 |
| 1.3.9 Rusførebyggande enkelttiltak..... | 5 |
| 1.4 Korleis skal ein søkje..... | 5 |
| 1.4.1 Handsaming av søknader. | 5 |
| 1.4.2 Utbetaling av tildelt tilskot..... | 6 |
| 2 Prisar og stipendordningar | 7 |
| 2.1 Kulturpris | 7 |
| 2.1.1 Retningslinjer | 7 |
| 2.2 Omsorgsprisen | 7 |
| 2.2.1 Retningslinjer | 8 |
| 2.3 Byggeskikkpris..... | 8 |
| 2.3.1 Retningslinjer | 8 |
| 2.4 Næringspris | 9 |
| 2.4.1 Retningslinjer | 9 |
| 2.5 Kjerringpris | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| 2.5.1 Retningslinjer | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| 2.6 Kulturstipend | 10 |
| 2.6.1 Retningslinjer | 10 |
| 2.7 Skjematisk oversikt over dei ulike prisane | 11 |

1 Tilskot

1.1 Kven kan søkje?

Etter søknad kan Vindafjord kommune yte stønad til lag og organisasjonar, einskild personar og institusjonar som driv eller vil starte kulturverksemd i Vindafjord kommune. Med kulturverksemd forstås ein dei aktivitetar som "det utvida kulturomgrepet" inneheld og som kjem innunder følgjande.

- Tradisjonelt kulturarbeid
- Barne- og ungdomsarbeid
- Idrett- og friluftaktivitetar

Lag og organisasjonar som i tråd med retningslinjene driv førebyggjande og aktiviserande arbeid for barn og unge til og med 20 år i Vindafjord kommune, er særleg kvalifisert til tilskot. Tilskota har som formål å stimulera aktiviteten i laga.

1.2 Generelle reglar

- Alle underavdelingar i lag/organisasjonar skal fremje sine søknader gjennom hovudstyret.
- Kommunen har rett til å undersøkje om grunnlag for tilskot er til stades, og korleis løyvde midlar vert nytta.
- Interkommunale lag/organisasjonar får tilskot redusert ved delingsbrøk etter tal kommunar dei er organisert i.

1.2.1 Unnateke frå stønad er:

- Lag som berre har aktivitetar for vaksne. Laget kan søkje om tilskot til prosjekt der målgruppa er barn og unge, og prosjekt som er knytt til kulturvern.
- Forsamlingshus som klubbhus, bedehus, samfunnshus vert ikkje rekna som ein organisasjon.
- Velforeiningar.
- Lag/organisasjonar som driv på forretningsmessig basis.
- Lag/organisasjonar som har til oppgåve å ivareta medlemmene sine yrkesmessige interesser, her under aktivitetar knytt til bedrifter.
- Konfirmantførebuande grupper.
- Lag/organisasjonar som arbeidar aksjonsprega, t.d. politiske aksjonar.
- Lag/organisasjonar som kan forventast å ha relativt kort levetid.

1.3 Kva kan ein søkje tilskot til?

- Driftstilskot
- Leiartrening
- Investering
- Oppstartingstilskot

- Underskotsgaranti
- Nyskaping, særskilte kulturtiltak og prosjekt
- Festivalar
- Rusførebyggande enkelttiltak

1.3.1 Driftstilskot

Lag og organisasjonar som organiserar og driv kultur- og fritidsaktivitetar særleg for barn og unge til og med 20 år, kan søkje om driftstilskot. Laga må ha eit styre, vald av medlemmene på eit årsmøte eller tilsvarande. Laga må minst ha 10 medlemmer i aldersgruppa barn og unge til og med 20 år frå Vindafjord. Søknadsfrist 15. mars.

Idrettsråd, song og musikkråd og liknande råd/utval samansett av fleire lag/organisasjonar kan ikkje søkje om ordinært driftstilskot, men få særskilde driftstilskot etter søknad og vurdering.

- Inntil 5 % av driftsutgiftene året før, dersom desse er over kr. 10.000.-.
- Tildelinga blir gjort på grunnlag av rekneskap for føregåande år. Dersom behaldninga pr. 31.12 i driftsrekneskapen er dobbelt så stor som utgiftene, har laget ikkje rett til driftstilskot.
- Det kan gjerast unntak for lag/organisasjonar som viser særleg stor grad av aktivitet/engasjement for barn og unge. Dette må dokumenterast godt.

1.3.2 Driftstilskot til idrettslag og skyttarlag

Idrettsrådet tar hand om tildeling av driftstilskot til idrettslag og skyttarlag. Årlege midlar på budsjettet til idrettsføremaal vert tildelt gjennom idrettsrådet etter retningslinjer vedtekne av idrettsrådet. Idrettsrådet tildeler midlane ut frå dette:

1. 4% av driftsutgiftene for året før. Dersom dette utgjør meir enn driftstilskotet blir % satsen redusert tilsvarande.
2. Evtnt resterande midlar etter pkt 1, begrensa oppover til kr. 100.000.-, blir fordelt mellom laga som kostar og driv eigne anlegg/skyttaranlegg. Dersom det er midlar til overs etter pkt 2 er tildelt, vil desse bli brukt under pkt. 1.

1.3.3 Leiartrening/kurs

Inntil 50% av faktiske utgifter maksimum kr. 5.000.- totalt. Tildeling skjer på førehand og blir utbetalt etter innsending av rekneskap/kvitteringar

1.3.4 Investering

Som eit utgangspunkt blir de gitt 1/3 av den totale kostnaden i tilskot, maksimum kr. 15.000.-.

1.3.5 Oppstartingstilskot

Ein kan søkje om tilskot til oppstart av nye lag. Tilskot kan bli gjeve til nyskipingar innafor eksisterande aktivitet når desse skal drivast fast..

Tilskot blir avgrensa oppover til kr. 5.000.-. Ved fastsetjing av tilskotssum tek ein omsyn til aldersgrupper, kostnad ved aktivitet og behov.

1.3.6 Underskotsgaranti

Det kan søkjast om underskotsgaranti ved arrangement med inntil 10% av totale utgifter, i regelen maksimum kr. 5.000.-.

1.3.7 Nyskaping, særskilte kulturtiltak og prosjekt

Som utgangspunkt blir det gitt 1/3 av kostnad i tilskot, maksimum kr. 25.000.-. Døme er: Særskilde kulturkveldar, tiltak for særskilde grupper og intergrering. Tiltak og arrangement som har som mål å ha økonomisk vinning, kjem utanom reglar for tilskot.

1.3.8 Festivalar

- Det blir gjeve tilskot til festivalar, som går over fleire dagar, og arrangement som fremmer næringsutvikling, kultur og idrett. (Dagsarrangement som til dømes fiskefestivalar, bygdedag, er ikkje med i ordninga)
- Tilskot blir normalt gjeve dei tre første driftsåra for å byggje opp festivalen, deretter vurdert etter behov eller i høve til nye prosjekt, eller dersom kommunalt tilskot fører til eksterne tilskot.
- Tilskotet skal normalt gå til oppbygging og utvikling av festivalen og i søknaden skal det gjerast greie for korleis dei kommunale midlane er tenkt brukt.
- Tilskotet blir avgrensa til kr. 50.000.- oppover og kr. 10.000.- nedover og skal normalt ikkje overstige 10% av dei budsjetterte utgiftene første året, og deretter 10% av dei rekneskapsmessige utgiftene frå året før. Rekneskap skal sendast inn.
- **Frist 15. mars.**

1.3.9 Rusførebyggande enkelttiltak

Lag og organisasjonar kan søkje om støtte til direkte rusførebyggande enkelttiltak av eventuelle restmidlar frå alkoholavgiftene. Aktuelle tiltak kan vere:

- a. Annonsering og stønad til opne, alternativ tiltak som retter seg mot unge mellom 15 og 18 år på typiske debutkveldar (t.d. 16. mai, nyttårsaftan,)
- b. Stønad til unge styremedlemmer, leiarar eller liknande som reiser på kurs som handlar om rusførebygging i ungdomsmiljø.
- c. Enkelttiltak som har hovudaspekt som går på rusførebygging mellom unge og unge vaksne i regi av SLT-koordinator eller andre.

1.4 Korleis skal ein søkje.

Søknader skal fremjast på elektronisk skjema som ein finn på heimesida www.vindafjord.kommune.no, søknadssenter.

1.4.1 Handsaming av søknader.

Søknadene blir handsama administrativt av den rådmannen har delegert mynde. Dersom administrasjonen er i tvil om søknaden fyller krava for tilskot, blir søknaden lagt fram for formannskap for endeleg avgjerd. Avslag på søknader eller klager ved tildeling av tilskot kan ankast til utval *Drift, utvikling og kultur* (DUK).

1.4.2 Utbetaling av tildelt tilskot

- Med unnatak for driftstilskot blir tilskota utbetalt ved innsending av rekneskap med kopi av billag for total kostnaden. Frist for innsending av rekneskap for tilskot som er tildelt 1. halvår er 15.juli. For tilskot som er tildelt 2. halvår er 30. november. Dersom tilskotet ikkje blir tatt ut innan fristen, blir det delt ut på ny.
- Dersom det er færre deltakarar på leiartrening/kurs enn oppsett i søknaden, skal tilskotet reduserast før utbetaling.
- Dersom totalkostnad inkl. dugnad for utviklingsprosjekt, investeringar, arrangement blir lågare enn oppsett i søknaden, skal tilskotet reduserast med same prosent som totalkostnaden er redusert. Dette skal kulturadministrasjonen gjere før utbetaling.
- Dugnadsarbeid kan prissetjast til den verdi arbeidet er berekna til i kostnadsoverslaget.

Lokale aktivitetsmidlar (LAM), statleg

Lokale aktivitetsmidlar (LAM) er ei grunnstøtte til medlemsbaserte lokale lag og foreiningar. Midlane skal bidra til auka idrettsaktivitet, deltaking og det frivillige arbeidet. LAM er ei tilskotsordning frå Kulturdepartementet (KUD) spesifikt retta mot lokale lag og foreiningar som driv idrett og fysisk aktivitet for barn (6 – 12 år) og ungdom (13 – 19 år).

Det er idrettsråda som fordelar LAM til idrettslaga i sin kommune etter retningslinjer frå KUD og anbefalingar frå NIF. Tildelingskriteria lokalt vert fastsett på idrettsrådet sitt årsmøte. Tildelinga frå NIF til idrettsråd skjer frå medio august og fram til byrjinga av desember.

2 Prisar og stipendordningar

2.1 Kulturpris

Vindafjord kommune ved DUK kan anna kvart år dele ut ein kulturpris. Prisen kan gjevast til einskildpersonar, grupper eller lag som har gjort ein særleg fortenestefull innsats i kommunen innan det utvida kulturomgrepet.

2.1.1 Retningslinjer

- DUK offentliggjer anna kvart år, i god tid før utdeling, opplysningar om kulturprisen. I tillegg vil Grendeutvala bli skrivne til med invitasjon til å koma med framlegg til kandidatar.
- Alle kan kome med framlegg på kandidatar som bur i Vindafjord. Framlegga må vere grunngjevne.
- Endeleg avgjerd om tildeling av prisen blir teken av DUK. Dei avgjer og i kva høve prisutdelinga skal gjerast.
- Prisen vert tildelt innafor det aktuelle året med frist for å fremma forslag innan 1. juni.
- Kulturprisen kan delast på fleire.
- Prisen skal bestå av kunstverk av verdi inntil kr. 10.000.- og diplom som er ramma inn. Det vert oppmoda å bruka kunstverk frå regionale kunstnarar.
- Berre prisvinnaren/vinnarane får namnet sitt/hamna sine offentliggjort.

2.2 Omsorgs- og inkluderingsprisen

Vindafjord kommune ved utval for oppvekst og omsorg (OPOM) kan kvart år dela ut ein pris til einskildpersonar, lag eller organisasjonar og i særlege høve bedrifter som på ein positiv måte har bidrege gjennom friviljug arbeid til å gje menneske respekt, eit meningsfullt og verdig liv. Dette kan vera gjennom arbeid og aktivitet for einskildmenneske eller grupper. Arbeid og aktivitet med tanke på å inkludere utsette grupper og einskildpersonar vil også bli vektlagt,

2.2.1 Retningslinjer

- OPOM offentliggjør kvart år, i god tid før utdeling, opplysningar om omsorgsprisen. I tillegg vil Grendeutvala bli skrivne til med invitasjon til å koma med framlegg til kandidatar.
- Alle kan koma med framlegg på kandidatar som bur i Vindafjord kommune. Framlegga må vere grunnjevne.
- Endeleg avgjersle om tildeling av prisen blir teken av OPOM. Dei avgjer og i kva høve prisutdelinga skal gjerast.
- Prisen vert tildelt innafor det aktuelle året med frist for å fremma forslag innan 1. juni.
- Omsorgsprisen kan delast på fleire.
- Prisen skal bestå av kunstverk av verdi inntil kr. 10.000.- og diplom som er ramma inn. Det vert oppmoda å bruka kunstverk frå regionale kunstnarar.
- Berre prisvinnaren/vinnarane får namnet sitt/namna sine offentliggjort.

2.3 Byggeskikkpris

Vindafjord kommune – Utval for drift, utvikling og kultur (DUK) – kan anna kvart år dela ut ein byggeskikkpris for å motivera til auka innsats og forståing for byggeskikk i kommunen.

2.3.1 Retningslinjer

- Formålet til byggeskikkprisen er å løfta fram forbildebygg som bidreg til å heva, fornya og utvikla byggkvalitet lokalt. Kvalitetane er knytt til miljø, klima, tilgjenge og byggeskikk. Samla skal kvalitetane bidra til gode og bærekraftige bygg for brukarane og samfunnet.
- Byggeskikkprisen kan delast ut til den som på ein god måte tek vare på eldre bygningar og heilskapelege bygningsmiljø, eller har sett opp nybygg, tilbygg eller påbygg. Det skal vektleggjast korleis bygningsmiljøet er teke i vare, saman med tilhøyrande anlegg som parkar, hageanlegg, skulpturar, bruer og uterom.
- Ved vurdering av nybygg bør det takast særskilt omsyn til byggt tekniske løysingar som er positive med tanke på miljøvern og miljøvenlege løysingar, som blant anna val av materiell og energiøkonomi.

- Byggeskikkprisen skal annonserast på kommunen si heimeside og i media innan 1. mars. Grendeutvala vil og bli invitert til å koma med framlegg til kandidatar. Innsending og val av kandidatar skal skje i perioden 1. mars – 1. juni anna kvart år. Fagjuryen gjer sitt val innan 1. oktober. Endeleg avgjerd om tildeling av prisen vert teken av DUK, etter innstilling frå fagjuryen, i sitt møte i november.
- Forslaga skal sendast skriftleg til Vindafjord kommune med ei kort beskriving av prosjektet og grunngjeving for kvifor prisen skal tildelast. DUK kan og koma med framlegg på kandidatar, men forslaga må leverast fagkomiteen innan dei startar arbeidet sitt.
- DUK står fritt til å vurdera om prisen skal delast ut anna kvart år.
- Vindafjord kommune nemner opp ein fagjury på fem personar for den kommunale valperioden. Fagjuryen vert sett saman av to medlemmer frå DUK, ein konservator, ein arkitekt og eit medlem frå eining areal og forvaltning. Kulturavdelinga i kommunen stiller med ein koordinator og sekretær for juryen. Kandidatane til prisen vert vurdert av juryen, som gir ei skriftleg utgreiing for valet av vinnar.
- Fagjuryen står fritt til å vurdera i sitt arbeid, korleis den vil bruke media, eller på annan måte skapa engasjement utifrå dei forslaga som er komne inn.
- Prisen skal vera ein plakett og eit kunstverk av verdi inntil kr 10 000.- og eit diplom som er rama inn til eigaren av prosjektet. Det vert oppmoda om å bruke kunstverk frå regionale kunstnarar. I tillegg til byggeskikkprisen kan det bli tildelt diplom til andre involverte partar som arkitekt, handverkar, kunstnar.

Revidert 18.02.2021

2.4 Næringspris

Vindafjord kommune ved DUK kan anna kvart år dele ut ein næringspris. Prisen kan gjevast til einskildpersonar eller firma som har gjort ein innsats for næringsarbeidet i kommunen.

2.4.1 Retningslinjer

- DUK offentliggjer anna kvart år, i god tid før utdeling, opplysningar om næringsprisen. I tillegg vil Grendeutvala bli skrivne til med invitasjon om å koma med framlegg på kandidatar.

- Alle kan kome med framlegg på kandidatar som bur i Vindafjord. Framlegga må vere grunnjevne.
- Prisen vert tildelt innafor det aktuelle året med frist for å fremma forslag innan 1. juni.
- Endeleg avgjerd om tildeling av prisen blir teken av utval for drift, utvikling og kultur. Dei avgjer og i kva høve prisutdelinga skal gjerast.
- Næringsprisen kan delast på fleire.
- Prisen skal bestå av kunstverk av verdi inntil kr. 10.000.- og innramma diplom. Det vert oppmoda å bruka kunstverk frå regionale kunstnarar.
- Berre prisvinnaren/vinnarane får namnet sitt/namna sine offentleggjort.

2.5 Kulturstipend

OPOM kan kvart år dele ut kulturstipend etter søknad frå ungdom, fortrinnsvis mellom 13 - 25 år, innan det utvida kulturomgrepet. I særskilte tilfelle kan stipend delast ut til lag og foreiningar.

2.5.1 Retningslinjer

- OPOM offentliggjør kvart år, i god tid før utdeling, opplysningar om kulturstipend.
- Stipendet kan søkast av ungdom, i alder 13 – 25 år, som bur i eller som på anna vis er knytt til Vindafjord. Stipendmidlane skal nyttast til å gjennomføra særskilde kulturarbeidsoppgåver, utdanning, trening eller perfeksjonering for aktiv kulturinnsats.
- Søknaden skal innehalda opplysningar om vanlege personalia, gje eit oversyn over målet med stipendet og korleis det er tenkt nytta.
- I særskilte tilfelle kan stipend delast ut til lag og foreiningar.
- Kulturstipend vert tildelt innafor det aktuelle året med søknadsfrist innan 1. juni.
- Endeleg avgjerd om tildeling av stipendet blir teken av OPOM. Utdelinga skal til vanleg vera på ordføraren si nyttårsmottaking.
- Ramma for stipendordninga er kr. 30.000.-. Stipendmidlar kan overførast til seinare år dersom det ikkje er søkarar til stipendordninga, eller om utval for

oppvekst og omsorg meiner ingen av søkerane fyller dei krava som er sett for utdelinga av stipendet.

- Stipendiaten skal innan fire veker etter at stipendet er brukt, senda ein skriftleg rapport til utval for omsorg og oppvekst om korleis stipendet er nytta. Stipendet må takast i bruk innan 12 månadar etter tildelinga.
- Dersom stipendet ikkje blir nytta eller grunnlaget for tildelinga fell bort, kan utvalet dra stipendet tilbake til kommunen straks.

2.6 Skjematisk oversikt over dei ulike prisane

| År | Pris | Statuttar | Prisen består av |
|-------------|------------------------------|------------------|--|
| 2. kvart år | Kulturpris | Eigne statuttar | Kunstverk av verdi inntil kr. 10.000.- og innramma diplom. Det vert oppmoda å bruka kunstverk av regionale kunstnarar. |
| Kvart år | Omsorgs- og inkluderingspris | Eigne statuttar | Kunstverk av verdi inntil kr. 10.000.- og innramma diplom. Det vert oppmoda å bruka kunstverk av lokale kunstnarar. |
| 2.kvart år | Byggeskikkpris | Eigne statuttar | Bronseplakett, kunstverk inntil kr. 10.000.- frå Haugesund Sparebank og innramma diplom. |
| 2. kvart år | Næringspris | Eigen statuttar | Kunstverk av verdi inntil kr. 10.000.- og innramma diplom. Det vert oppmoda å bruka kunstverk av lokale kunstnarar. |
| Kvart år | Kulturstipend | Eigne statuttar | Kr. 30.000.- |